

REFERAT - MØTE I PROGRAMUTVAL MEDISIN

Onsdag 31. oktober

Kl. 13.15 – 15.30

Sted: Styrerommet, AHH

Tilstade: Arne Tjølsen, Kari Indrekvam, Jan Gunnar Hatlebakk, Birger N. Lærum, Eirik Joakim Tranvåg (*vara*), Olav Tenstad, Hans Jørgen Aarstad (*vara*), Anne Kjersti Daltveit, Øystein Hetlevik. *Studentar:* Solveig Benno Ski, Laila Burgos

Harald Wiker (observatør, ny leiar frå nyttår)

Administrativt: Dina-Kristin Toppol Midtflø, Kristin Walter (sak 34/18)

Ikkje tilstade: Knut Teigen, Gard Aasmund Skulestad Johanson (*studentrepresentant*), Atle Brun, Clive Bramham, Nils-Halvdan Morken, Christian Vedeler

I	Godkjenning av innkalling og saksliste
II	Referat frå førre møte 12. september 2018 Styrking av studentane si aktive rolle i PUM - Fortløpande evaluering av dei enkelte undervisningstimane: Dette har vore diskutert tidlegare, men ikkje prøvd ut. Studentane kjem tilbake med denne saka når dei har fått utarbeida den litt meir.
29/18	VEDTAK: Emneskildring for MED12 MED12 har levert ei revidert emneskildring som oppfølging av møtet 6. juni (sak 21/18). I møtet kom det nokre justeringar: stryk "Obligatorisk oppmøte minst 60%(?)" frå emneskildringa. Semesterstyret kan heller sjå om der er spesifikk undervisning som bør vere obligatorisk, dette må vere på plass før semesteret starter. I emneskildringa må også "programstyre" endrast til "programutvalg".

VEDTAK	<i>PUM vedtar den framlagte emneskildringa for MED12, med dei justeringane som kom i møtet.</i>
30/18	VEDTAK: Avklaringar knytt til OSKE i MED12 PUM har fått brev frå OSKE-gruppa, med fire spørsmål knytt til OSKE i MED12. OSKE-gruppa har tidlegare fått svar uformelt (i juli), men etterlyser et formelt svar frå PUM. I møtet blei det diskutert kor viktig det er at studentane veit kva som ventar dei i ein OSKE-eksamen og at oppgåvene i OSKE i MED12 er frå den kliniske delen av medisinstudiet. I tillegg er det frå PUM ynskje om at eventuell kontinuasjonseksamen vert haldt så tidleg som muleg, helst i starten av semesteret etter (august/januar).
VEDTAK	<i>PUM svarer OSKE-gruppa som skissert i saksframlegget, med dei innspela som kom i møtet.</i>
31/18	VEDTAK: Endring av retningslinjer for elektiv periode Komiteen for elektive perioder ser at det er ønskelig å gå bort frå at forsøksdyremna ikkje kan innpassast. Det vert difor foreslått at retningslinjene endrast.
VEDTAK	<i>PUM vedtar dei reviderte retningslinjene for elektiv periode. Retningslinjene vil tre i kraft frå november 2018.</i>
32/18	VEDTAK: Samansettinga av semesterstyra Leiar av PUM, Arne Tjølsen, har laga utkast til brev om samansettinga av semesterstyra. Dette er basert på tilbakemelding frå semesterstyra. Det må med ei setning om at institutta er ansvarlege for å erstatte folk som pensjonerer seg, sluttar og liknande. I tillegg må mandat for semesterstyra ligge ved brevet ved utsending.
VEDTAK	<i>Vedlagt brev, med justering som kom i møtet, går ut til semesterstyra og institutta.</i>
33/18	FULLMAKTSSAK: Nytt emne i elektiv periode (ELMED323 Moderne diagnostikk og behandling av kreftsykdommer) Emneskildringa for ELMED323 «Moderne diagnostikk og behandling av kreftsykdommer» som her blir lagt fram for PUM

	har vore gjennomgått av komiteen for elektiv periode og Arbeidsutvalet (AU) i Programutvalet for medisin, som har vedteke emneskildringa på fullmakt. Innspel om at det er lurt at studentane har tatt 6. og 7. semester før dei tar emnet. Emnet er ikkje eit tilbod for 3. årsstudentar, men er for studentar på 5. og 6. studieår. Det bes om ei presisering av vurderingsforma i emnet.
34/18	DRØFTING: Rammer for praksis og praksisretteiing Kristin Walter orienterer. Programutvala for profesjonsstudiar fekk i brev av 25.09.18 informasjon og spørsmål om praksis og praksisretteiing frå studieledelsen ved fakultetet. Føringane stiller skjerpande krav til fagmiljøet som tilbyr praksisstudiar, rettleiarkompetanse i praksis og rammene for praksis. Kvart programutval for profesjonsstudiar ved fakultetet må melde inn svar på følgande punkter til fakultetet innan 9. november: 1. Samarbeidsavtaler 2. Praksisretteiing 3. Læringsutbytte praksis Her er det spørsmål kring kva universitetet skal ivareta og kva helse-føretaka må ivareta. Kva formelt ansvar skal sjukehuset ha? Avtalane inneheld lite av dette. Eit samarbeid mellom grunnutdanning- og spesialistutdanning blir sentralt når det gjeld pedagogisk kompetanseheving, og ein må kunne godkjenne tidlegare tatt kurs og emne. Innspel på at det som fungerer best er dersom det er ein som har eit overordna ansvar for studentane på avdelinga. Ei anna løysning er å ha ei fadderordning der helsepersonell er «faddar» for fleire studentar, så det ikkje er krav om at alle som har kontakt med studentar må ha 10 stp. Vidare kom det innspel om at det ved Karolinska er ein lis-lege som hadde oppfølging for studentar i praksis, og som fikk godskrive det som ein del av lis-utdanninga. Dette følges opp med eit skriftlig innspel frå PUM innan fristen for tilbagemelding.
35/18	DRØFTING: Internasjonalisering - Kva kan vi gjere for å auke utreise ved Det medisinske fakultet?

	Internasjonalt kontor ved fakultetet har invitert til eit møte i november for å diskutere internasjonalisering av studiar på Det medisinske fakultet, møtet er for internasjonalt ansvarlige og/eller leiarar i programutvala ved fakultetet. forkant av dette møtet er det ønskelig at programutvala har drøfta spørsmåla i saksframlegget. I drøftinga blei diskutert at det burde vere meir fleksibilitet for å reise i pre-klinikk, på dei teoretiske emna. Eit problem her er at det er vanskelig å få til bilaterale avtaler med til dømes USA, og at vi bare har eitt engelsk semester (MED9). Eit anna innspel er at ein kan sjå på avtalene andre universitet har i til dømes MED9, for å sjå om det fins universitet vi burde prøve å få til avtaler med.
36/18	ORIENTERING: Emnerapport for MEDOD2 og MED2
37/18	ORIENTERING: Sluttrapport frå prosjektgruppa for Medisin 2015

Orienteringar

Studiebarometeret

NOKUT gjennomfører kvar haust ein nasjonal studentundersøking om studiekvalitet på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Spørjeskjema til studentar på sitt 2. og 5. studieår. Formålet er å auke studiekvaliteten og gi nyttig informasjon til høgskular/universiteter, studentar og andre. Sjå: <https://www.nokut.no/studiebarometeret/studiebarometeret/>

Seminar on assessment for learning

Seminar on assessment for learning, 12. desember 2018
Påmelding: <https://skjemaker.app.uib.no/view.php?id=5452481>

Nb. Dette er same dag som neste møte i PUM, for at det skal gå an å delta på begge deler startar PUM-møtet eit kvarter seinare, kl 13.30.

Eventuelt

Arne Tjølsen
Leder PUM

Dina-Kristin Toppol Midtflø
Referent PUM

Kommande saker i PUM:

- STUND-rapportar
- DRØFTING: Undervisningsfri (meldt inn av MFU)
- DRØFTING: Karakterar (meldt inn av MFU)
- DRØFTING: Arbeidsskildring for semesterstyra